

## Møte i Gaular Formannskapet 16.11.06

### Sak 085/06 FRÅSEGN TIL UTGREIING OM STAT-KYRKJE

dok 85

200605491	23.11.06
Kode: Ki-501	Beh:

#### Formannskapet sitt vedtak 16.11.2006

Gaular formannskap går inn for at statskyrkja vert oppretthalden som i dag. Det er viktig å bevare ei open og inkluderande folkekyrkje. Vi meiner difor det vil vere svært uheldig dersom statskyrkjeordninga vert avvikla. Elles syner Formannskapet til uttale frå Gaular kyrkjelege fellesråd.

#### 1. Hvilke overordnede prinsipp bør ligge til grunn for tros- og livsynspolitikken?

##### Svar:

Det må vere høve til fri religionsutøving for alle innbyggjarane i landet.

Den kristne og humanistiske arv er staten sitt verdigrunnlag.

Staten må føre ein aktiv støttande religionspolitikk.

Den norske kyrkja må stå i ei særstilling – vi må framleis ha ei nasjonal kyrkje som sikrar kyrkjeleg medverknad ved nasjonale jubileum, andre storhendingar og store ulukker.

#### 2. Den norske kirke som statskirke:

Bør fortsette

Bør avvikles

Vet ikke /ønsker ikke å svare

Ei avvikling av statskyrkja inneber at DNK vert eit eige rettssubjekt med eigne styringsorgan. Alle tilsetjingar og utnemningar vil verte gjort av kyrkja sine eigne organ. Vilåret for at statskyrkja kan avviklast er at ein får ein finansieringsmodell som gjer at eit kyrkjeleg medlemsskap ikkje er knytt mot personleg økonomi eller kvar ein eventuelt er busett i landet. D.v.s. at vilåret for medlemskapen er dåpen.

Det er i denne samanheng viktig å presisere at Stat - kirke utvalet er samde om at dagens statskyrkjeordning ikkje er i strid med rettslege krav til trus- og livssynsfrihet.

Ein bør merke seg at KA sitt landsråd i sitt vedtak tilrår at statskyrkja bør halde fram. Dei grunnjev dette med at dei er usamde med utvalet i at ein ikkje kan utvikle kirkeordninga innanfor ei form for statskyrkjeleg grunnkonstruksjon. KA sitt landsråd tilrår såleis ei vidareføring av den utviklinga som vart starta opp på 1900 talet. Denne utviklinga syner ein gradvis organisatorisk lausriving mellom DNK og staten.

#### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret ?

Grunnloven

Egen kirkelov vedtatt av Stortinget

Lov om trossamfunn

Vet ikke /ønsker ikke å svare

Lova skal vere ei kortfatta rammelov / kyrkjelov vedteken av Stortinget og som er forankra i grunnlova. Den norske kyrkja vil med dette verte ei lovforankra folkekyrkje, noko som er med å sikre ei vidareføring av "folkekyrkja".

Ein ser det naturleg at DNK får ei særstilling i ei kyrkjelov vedteken av Stortinget p.g.a.:

- Kyrkja sin historiske tradisjon i Noreg.
- Den geografiske utbreiinga kyrkja har i landet.
- Den høge oppslutninga mellom innbyggjarane i landet.

#### 4. *Hvordan bør Den norske kirke finansieres ?*

Gjennom medlemsavgift	<input type="checkbox"/>
Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige	<input type="checkbox"/>
Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift	<input type="checkbox"/>
Offentlig finansiering uten medlemsavgift	<input checked="" type="checkbox"/>
Vet ikke /ønsker ikke å svare	<input type="checkbox"/>

Ei fullstendig offentlig finansiering er den einaste måten som kan sikre Den norske kyrkja sin forståing av dåpen som einaste krav til medlemskap.

Modellen som er brukt i dag med ca. 1/3 del finansiert av stat og ca 2/3 frå kommunen gjev følgjande fordel:

- Ved at kommunane gjev tilskot til kyrkja er ein i utgangspunktet sikra at dette alt frå utgangspunktet har fått ein fordelingsprofil. Ei hovudutfordring er å sikre kyrkja sitt driftsnivå over heile landet.
- Dersom ein framleis har kommunane som hovudfinansieringskjelde, er det lettare å skape engasjement for den lokale kyrkja m.a. fordi ein får desentraliserte vedtak. Noko som igjen understrekar den historiske tradisjonen med sokna som den grunnleggjande eininga innanfor DNK.

Ordninga med skattefritak for gåver til DNK bør halde fram, då dette stimulerer til engasjement.

Dersom det vert vald ei ordning med fullt ut offentlig finansiering er det ulikt frå resten av Norden. Dette vil kunne forsvarast av den måten DNK historisk har vore finansiert, og ikkje minst med den spreidde busetnaden og vanskelege geografien landet vårt har, samanlikna med dei andre nordiske landa.

Når ein drøftar spørsmålet om framtidig finansiering av DNK bør ein også merke seg følgjande om Opplysningsvesenets fond (OVF):

- OVF er etter gjeldande rett statens eigedom, sjølv om det er eige rettssubjekt med særskilde reglar for forvaltning og bruk. Dette er den rådande tolkinga i juridiske kretsar, og det er stadfesta i ei omfattande utredning som Justisdepartementet si lovavdeling avga i november 2000.
- Uansett korleis eigarforholdet til OVF vert vurdert, vil Stortinget stå rettsleg fritt til å fatte eit vedtak. Dette vil vere eit politisk spørsmål som Stortinget fritt kan ta stilling til.

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag:
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Medlemmane bør ha stemmerett frå 15 år, og dåpen må være det einaste kravet for å delta i styringa av Den norske kyrkja.

Soknet er grunneininga i Den norske kyrkja og sokna må sikrast representasjon i andre organ. Ein kan merke seg at DNK har ei stor utfordring i å engasjere og motivere medlemmane ved kyrkjelege val. Dette problemet løyser ein ikkje ved å endre den gjeldande valordninga.

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i**

**Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/ dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati rettsstaten og Menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

*Staten bør synleggjere sitt verdigrunnlag derfor må Grunnlova ha ein verdiparagraf. Ein slik verdiparagraf bør gje eit bilete av dei verdiar som har vore fellesnemnaren i det norske folk si historie.*

§ 2 i grunnlova vert endra til

”Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag.”

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) :
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

## Grunngevinga for at den lokale kyrkja framleis bør ha gravferdsforvaltninga:

- Kyrkjegardane er soknet sin eigedom og er oftast lokaliserte ved kyrkjene.
- I alle dei nordiske landa har majoritetskyrkja ansvaret for gravferdsforvaltninga.
- Heile 94 % av den norske befolkning vel gravferd i regi av DNK.
- Den lokale gravferdsforvaltninga er prega av kvalitet og kompetanse og det er få klager. Jfr. TNS gallupom "brukaropplevd kvalitet på gravferdstjenesten" som hadde ein totalscore på 80 poeng. Dette er det beste resultatet TNS gallup har registrert på noko offentleg teneste.
- Etter den gjeldande gravferdslova har fellesrådet (soknerådet i eitt sogn kommune) høve til å overlate gravferdsansvaret til kommunen. I heile landet er dette berre innført i fire kommunar.
- Biskopen sin uttale om god betring i standaren på dei lokale anlegga knytt til gravferdstenestene.
- Det gjev grunnlag for større stillingsstorleikar innanfor DNK. Døme på dette er stillinga som kyrkjevevjerje, der arbeidet med kyrkjegardane i små kommunar utgjer ein vesentleg del av grunnlaget for stillingane. Men dette gjeld også for andre stillingar som f.eks. kyrkjetenar. Stillingane som kyrkjetenar er ofte små stillingar og vert ofte kombinert med stilling som kyrkjegardsarbeidar.

### 8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret :

Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiskeansvaret

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Slik som lovverket er utforma i dag, er det soknet som eig kyrkjene. Ved kyrkjelova i 1996 vart soknet eit eige rettssubjekt der eigedomsretten til kyrkjene juridisk vart fastsett. Det at soknet er eigar av kyrkjene er ein viktig faktor for å engasjere medlemmane på det lokale nivået.

Staten bør vere eigar for spesielt verneverdige kyrkjer. Staten bør ha det økonomiske ansvaret for vedlikehaldet på alle verna og freda kyrkjebygg. Grunnlaget for at staten skal ha det økonomiske ansvaret for freda og verneverdige kyrkjer, er at desse kyrkjene er ei vesentleg kjelde til kunnskap om kristen kulturarv, trusliv, byggeskikk og stilartar

RETT UTSKRIFT

22.11.06

*Anne Karin Folkestad*

Anne Karin Folkestad

arkivleiar